

Byggraad As
Fleslandsvegen 235A
5258 BLOMSTERDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2744 - 23/36186

Saksbehandlar:
Elin Houlison Molvik
elin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
10.05.2023

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 471/11 Taule indre

Tiltak: riving av bygg
Byggjestad: Gbnr: 471/11
Tiltakshavar: Cathrine Haugen Botnevik
Ansvarleg søker: Byggraad As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 30.03.2023.

Søknad gjeld riving av bustad på eigedom gbnr 471/11. Vi kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på at planlagd riving er nabovarsla. Riving av bustad er eit søknadspliktig tiltak etter plan- og bygningslova §20-1 bokstav e), søknadspliktige tiltak skal nabovarslast jf. pbl § 21-3.

Då tiltaket gjeld riving av bustad må de og dokumentere at evt. kreditorar er varsle om planlagd riving og at desse har samtykka.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av reguleringsplan RV 565 Tolleshaug- Soltveit. Bustaden som er søkt riven er på plankart regulert riven. Eigedomen er i heilskap avsett til arealføremål anna veggrunn (plankart blad nr. 2)

Riving av bustaden er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Teikningar

Vi kan ikkje sjå å ha motteke teikningar som syner bygget som er planlagt riven. Det må sendast inn enten teikningar av alle byggets fasadar/evt. fotodokumentasjon av byggets fasadar, samt opplysningar om arealstorleik(BRA).

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på at planlagd riving er nabovarsla jf. pbl § 21-3. evt må de gjere greie for kvifor de meiner nabovarsling kan unnlatast og be oss vurdere å frita frå varsling.
2. Avklare heimelstilhøve på eigedomen då Vestland fylkeskommune står registrert som heimelshavar, tiltakshavar er opplyst å vere ein privatperson.
3. Dokumentasjon på at evt. kreditorar er varsle om planlagd riving og aktivt samtykke til riving frå desse.
4. Teikningar av bygget/evt. fotodokumentasjon av bygget, samt opplysningar om storleik på bygget (BRA).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.05.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurð dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Cathrine Haugen Botnevik Sundby-Hvorups Vei 48 5178 LODDEFJORD

Mottakarar:

Byggraad As Fleslandsvegen 235A 5258 BLOMSTERDALEN